



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 28.08.2015
Vår ref.: 2014/843-30
Saksbehandlar: bjolars
Dykkar ref.:

Rapportering på tilskot til utviklingsarbeid i Hordaland fylkeskommune haust 2014 og vår 2015 - anmodning om utbetaling

Vi viser til brev av 12. august 2014 om tilskot til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Hordaland Fylkeskommune fekk tildelt eit tilskot på kr 50 000,- for hausten 2014 og våren 2015.

Midlane har vore nytta til å dekke opp delar av følgjande utviklingstiltak:

Dialogkonferansen vart arrangert i Kvinnherad kommune 2. og 3. september 2014. Målet var fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane var primær målgruppe. Det var deltakarar frå 23 kommunar. I tillegg deltok folkehelsekoordinatorane frå fleire kommunar. Hordaland idrettskrets, Bergen og Omland Friluftsråd og Bergen og Hordaland Turlag deltok og på heile samlinga slik at dette vert ein særers nyttig møteplass for å tilretteleggje for ein aktiv kvardag for folk i Hordaland.

Representantar frå 3 kommunar deltok i programplanlegginga for å få eit best mogleg program i høve til dei utfordringane kommunane står ovafor innanfor fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Aktivitets- og anleggsutvikling er ein raud tråd i programmet, der spelemidlar (inkl idrettsanlegg.no) har ein sentral plass på første dag. Det var diverre ingen frå Kulturdepartementet som kunne delta på denne Dialogkonferansen. Det var totalt 43 deltagarar på konferansen.
Kostnad kr 68 960,-

Fylkeskonferansen kultur og idrett vart diverre avlyst i 2014.

Hordaland fylkeskommune har dokumenterte kostnadar knytta til kompetanseheevande utviklingstiltak hausten 2014 og våren 2015 på **kr 68 960** ,- og ber om at kr 50 000,- vert overført til konto 5201.06.74239 merka 400.420.06.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Björg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.